



Helgesen Tekniske Bygg AS
Valestrandsfossen
5281 VALESTRANDSFOSSEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/1922 - 18/25769

Saksbehandlar:
Siril Therese Sylta
SirilTherese.Sylta@lindas.kommune.no

Dato:
23.08.2018

Førebels svar med trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 212/19 Eikanger øvre

Tiltak: utfylling i sjø
Byggjestad: Gbnr: 212/19 Øyna 1
Tiltakshavar: Hobby Boat AS
Ansvarleg søkjar: Helgesen Tekniske Bygg AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 21.06.2018. Vi beklagar sein tilbakemelding på søknaden.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Utfyllinga i sjø er eit søknadspliktig tiltak som gjeld utviding av areal på ein etablert arbeidsplass. Tiltaket krev at det ligg føre samtykke frå Arbeidstilsynet. Skjema 5177 med vedlegg skal nyttast ved oversending av saka til Arbeidstilsynet.

Utan samtykke frå Arbeidstilsynet kan vi ikkje gje løyve i eitt trinn. Dersom de ønskjer at søknaden vert gjort om til rammesøknad ber vi om tilbakemelding på det. Dispensasjonen vert handsama for seg, uavhengig av søknadstype for løyve til tiltak.

2. I søknaden er det opplyst om at ferdig planert areal etter utfyllinga er på 414 m². Vi ber om opplysningar på mengder massar som skal fyllast i sjø, samt opplyst kotehøgda det ferdig planerte arealet.
3. Utfyllinga vil gå til nabogrensa mot gbnr 212/83. Det er ikkje lagt ved samtykke frå Statens Vegvesen som eigar av eigedommen om nærare plassering enn 4 meter. Dersom det ikkje ligg føre samtykke må det søkjast om dispensasjon for plassering nærare nabogrensa enn 4 meter, jf. pbl § 29-4.
4. Vi kan ikkje sjå at det er sendt inn erklæring om ansvar for SØK. Vi ber om at dette vert sendt inn.



Kommunen ber om at tilleggsm informasjon vert sendt inn samla innan 23.09.2018. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søker om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

E39 Båt & Henger A/S Hobby Boat

as

Helgesen Tekniske Bygg AS

Hobby Boat AS

Valestrandsfossen 5281

Øyna 1 5913

VALESTRANDSFOSSEN

EIKANGERVÅG

Mottakarar:

Helgesen Tekniske Bygg AS

Valestrandsfossen 5281

VALESTRANDSFOSSEN